

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Natalie A Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt.1 - Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og den høge verdisetjinga av dalen. Biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv, rår Hordaland fylkeskommune frå utbyggin av Austdøla Kraftverk i Ulvik.

Endra ordlyd på pkt.2 – Om NVE rår til skal det av omsyn»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Golis sitt forslag som fekk 5 røyster (MDG, A).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Austdøla kraftverk.
2. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi og villrein vil Hordaland fylkeskommune rå til veglaus utbygging.
3. Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, biologisk mangfald, kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv bør vassføring i elva Austdøla oppretthaldast i størst mogleg grad. Landskapstilpassing av tiltaket og revegetering må ha høg prioritet.
4. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.
5. Av omsyn til innlandsfisk rår Hordaland fylkeskommune til at det vert tilrettelagt for oppvandring av fisk frå Austdølvatnet til gyteområde oppstraums vassdraget, evt. utlegging av gytegrus ovanfor høgste regulerte vassnivå.
6. Av omsyn til friluftslivet bør demningane byggjast med gangbruer.
7. Med omsyn til planområda er undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven i stor grad oppfylt. Unntaket er nettilknytning, der dagens 22 kV leidning frå Ulvik til Osa ikkje er dimensjonert for ny kraftproduksjon og difor må oppgraderast. Detaljplan for dette tiltaket med planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
8. Det vert ikkje stilt krav om § 9 jf. undersøkingsplikta med omsyn til tipp- og riggområde.

Lenke: [Norges vassdrags- og energidirektorat](#)